

**FANNY HOLMIN OG HAUGESUND TEATER presenterer:**

## **HÅP - ein absurd einaktar**

### **Om forestillinga:**

*Håp* er ein absurd einaktar skriva av poet og scenekunstnar Fanny Holmin frå Bergen.

I eit intenst og tett drama fylgjer vi to kvinner som på ulikt vis prøver å forholde seg til ein manns konstante og uuthaldelege lidning. Konflikten mellom kvinnene tilspissar seg når det som fyrst var medkjensle bikkar over i frustrasjon og aggresjon. Stykket vipper mellom det tragisk groteske og det absurd komiske, på same vis som ein tilskodar gjerne vil oppfatte ekstreme situasjonar. Stykket baserer seg på ein absurd ytre ramme, ein får ikkje innblikk i nokon konkret bakgrunn for lidinga, men blir tvungen til å observere henne utan å vite og utan å forstå.

To observasjonar ligg til grunn for einaktaren. Den fyrste er menneskets evne til å halde ut – korleis uhaldbare situasjonar som ein lever i over tid etter kvart blir naturlege for ein, ja så naturlege at ein misser evna til å sjå det uhaldbare. Den andre er at mennesket lar seg provosere av andre si lidning – noko som er fascinerande; sannsynlegvis naturleg, men også skremmande.

Dette er ein co-produksjon mellom Fanny Holmin og Haugesund Teater. Stykket hadde urpremiere i Haugesund Teaters Intimscene på Festiviteten i Haugesund 20.november 2003.

### **Medverkande:**

Produsent: Fanny Holmin  
Co-produsent: Haugesund Teater  
Manusforfattar: Fanny Holmin  
Regissør: Håkon Karoliussen  
Skodespelarar: Vera Holte, Fanny Holmin og Håkon Karoliussen  
Musikk/Lyd: Gunnar Innvær (Barabass)  
Lysdesign/Teknikk: Tom Erik Anfinsen  
Video og filming: Frode Nordås  
Arkivfilm: Holmins Familiearkiv

Produsert med støtte frå Fond for Lyd og Bilde, Fond for Utøvende Kunstnere og Hordaland Fylkeskommune.

### **Tidspunkt:**

Turnéperiode: Frå april 2004 og framover.

### **Målgruppe:**

Vaksne/Unge - Aldersgrense 14 år.

### **Pris:**

Ta kontakt for opplysningar.



### **Teknisk:**

Om spelestaden:  
Kan spelast på flatt golv eller på scene.  
Breidde 8 m. Djupne 6 m.  
Feste for rekvisita i tak.

Straum: Tilpassa lys/lyd (sjå under)  
Blending: Ja  
Lys: Minimum 6 lyskastarar og 6 dimmarar, med tilpassa lysbord.  
Lyd: Standard PA, Miksebord, DVD-spelar og Videoprojektor

Opprigg: 3 timar.  
Nedrigg: 45 minutt  
Speletid: 40 minutt  
Maks. ant. publikum: ca. 150



**Pressefoto Håp**  
Foto: Kjell Strand

### **Kontakt:**

Fanny Holmin  
Grønlien 17  
5056 BERGEN  
telefon: 55590223  
mobil: 95179983  
e-post: [fanny\\_holmin@hotmail.com](mailto:fanny_holmin@hotmail.com)

### **Heimeside:**

[www.fannyholmin.no](http://www.fannyholmin.no)